

Referat frå soknerådsmøte

Stad: Sakristiet Ålvik kyrkje

Dato: tirsdag 3.03.2026

Kl: 15.00 – 17:00

Desse møtte: Arvid, Gudveig, Lisbeth, Marie (på telefon).

Lisbeth leia møtet

Saksliste

11/26 Godkjenning av innkalling og referat

- Ei eventuelt- sak: Det er komme inn eit ynskje om kyrkjeskysst til gudstenester og andre arrangement frå ei eldre dame i bygda.

12/26 Evaluering av salmekveld, formiddagstreff

- Masse folk på desse to arrangementa; 67 på salmekvelden med Bjørn Eisvåg-salmar og 82 på formiddagstreff. Kjekke arrangement som passar Ålvik- folket. *Kor i alle dagar*, tidlegare prest i Ålvik Johannes pettersen kaffi og kaffimat på salmekvelden. Magnar Hjøllo og Bjørn Otto Wallevik hadde foredrag og musikk på formiddagstreff. Damer frå Øystese hjalp til med mat. Særs vellukka.
- Me treng ny kaffitraktar! Norunn kjøper inn; høyrer med Olav om han kan kjøpast inn på fellesrådet -utan moms.

13/26 Orientering om benkeflyttinga- ei prøveordning

- Soknerådet ser med glede på at fleksibiliteten i kyrkjerommet er blitt betre etter at 4 benkar vart fjerne som ei prøveordning. Ved to høve har me allereie hatt god bruk av plassen. Benkane er tatt vare på og kan flyttast inn igjen dersom ynskjeleg. Soknerådet tek opp igjen ordninga til diskusjon innan eit år. Dersom dette skal bli ei permanent ordning må ein søkje biskopen om løyve.
- *14/26 Godkjenning av årsmelding og årsregnskap*

Norunn reinskriv og sender ut revidert forslag; elles godkjent. Også årsrekneskapen vart godkjent.

15/26 Gudstjeneste og årsmøte 15.mars kl. 17.

- Lisbeth er vekke på årsmøte men Arvid steppar inn og tar ansvar i Lisbeth sin stad.
- Lisbeth spør Karianne om å bake noko til årsmøte. Gudveig kokar kaffi.
- Me oppmodar alle soknerådsmedlemmar, både faste og vara, om å komme på årsmøte. Det har gått ut ei oppmoding til folket i Ålvik om å komme for å diskutere *korleis me skal vere kyrkje i Ålvik.*
- Norunn snakkar med Ida og lagar sakliste for årsmøte. Norunn trykker opp årsmelding og rekneskap og tek med.

16/26 Strikketreff 10.mars og 7.april;

- Marie har bestilt nytt garn. Brigte Sigve låser det inn i kyrkja. Gudveig tar ansvar den 10. mars.
- 7. april vert Norunn også med. Me bestiller ei marispankake til denne gongen.

17/26 Kyrkjekino- Narnia i kyrkja. Fredag 13. mars

- 5.-8. trinn vert spesielt inviterte. Ope for bygda også. Solveig Lønning Sangolt har ansvar saman med Norunn.

18/26 Fasteaksjon 24.mars .

- Åshild fordeler roder. Norunn tek med 10 bøsser til kyrkja. Gudveig vil gå med ei. Norunn legg ut info på *Aktuelt i Ålvik* og spør etter fleire bøssebærarar.
- Konfirmantane i år er Timre Mo Vines, Nathaniel Haaheim Vågane, Jenny Margrethe Garen, Baste Lothe. Foreldre må vere med å køyre. Konf og foreldre er saman i Norheimsund dagen før for undervisning og info.
- Lisbeth bakar og kjøper inn brus som takk til konfirmantane.

19/26 Konfirmantfesten 16.04 i Øystese bedehus. Det trengst praktisk hjelp. Lisbeth var den einaste i fjor. Håpar at fleire blir med i år. Karianne? Arvid? Åshild?

20/26 Soknesamanslåing? Orientering om forslag som kom opp på soknerådsleiarmøte på nyåret.

Tanken er sådd om å skipe til eit sokneråd i heile Kvam med kyrkjekrinsutval i alle krinsane. Ei sak å drøfte på årsmøte for kyrkjelyden.

21/26 Eventuelt

- Marie blir vekke frå 7. april til 30. sept. Åshild Egdetveit bør då rykke opp som fast medlem i Marie sitt fråvær. Marie kan eventuelt vere med på soknerådsmøte digitalt.
- Kyrkjeskys; Norunn snakkar med Aud om å vere koordinator. Info bør komme i HF. Arvid kan hente ved behov den 15. mars.
- Dei som ikkje har signert på DNB må gjere det. Må skje innan 18. 03. 26. Marie fylgjer opp.
- Dugnad; Før konfirmasjonane bør det rakast og ryddast rundt kyrkja. Forslag om ein av dagane 27- 29. april. 10 eller 11 juni skipar me til dugnad med skraping og lakking av glas. Arvid er in charge. Me bestemmer dato på neste soknerådsmøte.
- Ida kom med forslag om å utsette årsmøte. Det er ikkje så lett å få til grunna at dei neste gudst. er på skjærtorsdag, 1. mai, 3. mai (konf) og friluftsgudst. i juni.
- Neste sokneråd er 14. april

Ref; Norunn

-